



Troms – eit frodig utmarksfylke

Forfatter

Per K. Bjørklund, Skog og Landskap
Yngve Rekdal, Skog og Landskap

Sammendrag

Tal frå Norsk institutt for skog og landskap si nasjonale ressursundersøking for utmark, viser at Troms har det beste utmarksbeitet i landet. Fylket har store utmarksbeiteareal og kvaliteten på beita ligg høgt over landssnittet.

Publisert

2013

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2013

Utskriftsdato

20.04.2024 www.fag.nsg.no

Troms – eit frodig utmarksfylke

Grasrike lågurtenger i Kvalvikdalen i Lyngen. (Foto: Per Bjørklund)

Tal frå Norsk institutt for skog og landskap si nasjonale ressursundersøking for utmark, viser at Troms har det beste utmarksbeitet i landet. Fylket har store utmarksbeiteareal og kvaliteten på beita ligg høgt over landsnittet.

Nasjonalt arealrekneskap for utmark

Etableringa av eit arealrekneskap for utmark er eit samarbeid mellom Norsk institutt for skog og landskap og Statistisk sentralbyrå. Dette skjer med basis i ei nasjonal utvalsundersøking av arealdekket der flater på 1 km² blir vegetasjonskartlagt. Det er 18 km mellom kvar utvalsflate og 1.080 flater

fell da på landjorda i Noreg, 86 av desse i Troms. Samla skal dette gje nasjonal statistikk over utbreiinga av vegetasjonstypar, men det gjev også nokolunde sikre tal ned på fylkesnivå. Nokre av dei minste fylka må slåast i hop. 56% av flatene eller 14 fylke er ferdig bearbeidd. Prosjektet er 10-årig med sikte på å ha ferdigstilt data for heile Noreg i 2015. Rapport for Troms ligg no føre.

Beiteareal og beitekvalitet

Statistikken over utbreiinga av vegetasjonstypar i Troms gir grunnlag for ei grov ressursvurdering av utmarksbeitet for sau og storfe. Vegetasjonstypane blir sortert i tre klassar etter innhald og produksjon av beiteplanter. Klassen *mindre godt beite* inneheld vegetasjonstypar der beiteplanter førekjem så spreidt at dyr i liten grad vil oppsøke slike stader dersom alternativ finst. Klassene *godt beite* og *svært godt beite* utgjer til saman *nyttbart beiteareal*. Det vil seie det arealet beitedyr tek plantemasse frå og som har betydning for tilveksten.



Høgstaudeeng i skredmark på Vanna i Karlsøy kommune. (Foto: Per Bjørklund)

Figur 1 viser landarealet i Troms fordelt på beitekvalitetar for husdyr. 15% av arealet er i klassen *ikkje beite*, som omfattar jordbruksareal, bebygde areal og areal utan vegetasjonsdekke, til dømes bart fjell og blokkmark. 85% av landarealet i fylket kan reknast som tilgjengeleg utmarksbeiteareal. Figur 2 viser at av det tilgjengelege utmarksbeitearealet kan 35% klassifiserast som *mindre godt beite*, 40% som *godt beite* og 25% som *svært godt beite*.

Figuren viser også tal for heile landet, basert på 56% av flatene. Trøndelagsfylka, Nordland, Finnmark og Rogaland står att. Det er ikkje venta at landstalet vil endre seg vesentleg etter at også desse fylka kjem med i arealrekneskapen. Ut frå kjennskapen

vi har til dei fylka som står att, er Nordland og Sør-Trøndelag truleg også betre enn landssnittet, men kjem neppe opp på nivå med Troms.

Næringsrik berggrunn og skredjord

Arealet av *svært godt beite* er beste indikatoren for kor godt eit utmarksbeite er. For Troms er arealet av denne beiteklassen i prosent, dobbelt så høg som landssnittet. Ut frå kjennskap til geologien i fylket og resultat frå lokale kartleggingar som Skog og landskap har gjort i Lyngen, Sørreisa, Målselv og Bardu, er ikkje dette resultatet heilt uventa. Under skoggrensa er det arealet av vegetasjonstypen engbjørkeskog som gjev grunnlag for det beste beitet.


I Troms er dette skogtypen med høgaste dekningsprosent (27%). I alle andre fylke er det blåbærskog eller lav- og lyngrik skog som dekkjer mest areal. Over skoggrensa er det høgstaudeenger, lågurtenger og grassnøleie som gjev beste beitet. Til saman dekkjer desse typane 23% av snaufjellsarealet. Særleg viktig er det høge arealet med snøleie som sikrar tilgang til nygroe ut over ettersommar og haust.

Innafor fylket er det ein del variasjon. Dette forholdet har i første rekkje samanheng med berggrunnen, som i Troms blir dominert av lause, næringsrike bergartar. Grunnfjellsområda på øyane og lengst aust i fylket er skrinne og har mindre av dei gode beiteklassane. Uavhengig av berggrunnen finst det svært gode beiteareal på finkorna skredjord under bratte fjell og i skrenter i kyststroka. Fylket har ein stor variasjon i høgdelag og topografi, noko som er gunstig for beitekvalitet og sesongmessig beiteutnytting.


Beitebruk

Utmarksbeitet er ein viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket og reindrifta i Troms. 112.000 sau, 6.300 storfe, 12.000 geit og 325 hestar gjekk på utmarksbeite i minst 5 veker i 2011. I 2010 hadde norsk reindrift ca. 56.000 vaksne rein på sommarbeite i Troms. I tillegg til dette utnyttar svensk reindrift sommarbeitet i dei indre delane av fylket med om lag 41.000 vaksne dyr. Eit samla reintal på sommarbeite i Troms, inklusive kalvar, tilsvara ca. 137.000 dyr.

I Troms blir 28% av fylkesarealet utnytta som husdyrbeite av organiserte beitelag. Av sauene som vart sleppt i utmark i 2011 var 88% organisert i beitelag. Det meste av sau på utmarksbeite går i fjord- og kystbygder. I indre strøk er det no lite sau att. Sommarbeite for norsk rein føregår i store delar av fylket, men med ei hovudvekt i ytre delar. Det største reintalet finn vi på øyar og i kyststroka i Midt- og Nord-Troms samt i fjellområda aust for Lyngenfjorden. Det meste av Indre Troms blir beita til andre tider av året. Unnateke her er svensk reindrift som har mange dyr på sommarbeite i dei austlegaste delane av Indre Troms. Det knyter seg noko usikkerheit til den svenske reindriften sin bruk av sommarbeita i fylket. Dette



Figur 1. Areal av ulik beitekvalitet for husdyr i Troms og for heile landet, vist som prosent av totalt landareal.



Figur 2. Areal av ulik beitekvalitet for husdyr i Troms og i heile landet, vist som prosent av tilgjengeleg utmarksbeiteareal.



Sau i frodig engbjørkeskog i Lakselvdalen i Troms. (Foto: Per Bjørklund)

gjeld særleg lengda av beiteperioden, fordi dyra i periodar trekkjer mellom norsk og svensk side av riksgrensa.

Beitekapasitet

Ut frå beitekvalitetsvurderinga kan det gjerast overslag over beitekapasitet. Her er det *nyttbart beiteareal* ein må ta utgangspunkt i. Dette kjem fram ved å summere klassane *godt* og *svært godt beite*. Dei utgjer til saman 13.521 km² i Troms. Om lag 75 saueeiningar per km² *nyttbart beiteareal* kan sleppast på beite av den kvaliteten som finst i Troms fylke. Samla beitekapasitet for fylket, vurdert ut frå plantedeckket, vil da bli 1.014.000 saueeiningar. Ein del areal vil ha vanskeleg tilgjenge eller kan på andre måtar vera praktisk vanskeleg å nytte som beite. Dette har vi ikkje tal for. Dersom vi skjønnsmessig set det praktisk nyttbare beitearealet til 80% av det som er nyttbart ut frå plantedeckket, skulle Troms ha plass til om lag 811.000 saueeiningar.

Dette matfatet må delast med andre utmarksbeitande dyr, først og fremst tamrein. Studiar frå Hardangervidda viste at rein og sau i løpet av sommeren overlappa 60% i val av beiteplanter og 76% i val av plantesamfunn. Plantevalet er mykje likt, men reinen brukar i større grad marginale og høgtliggande areal enn sau. Det gjeld

særleg midtsommars på grunn av insektsplage. Rein vil derfor hente for åreal som her ikkje er rekna som nyttbart beite for husdyr. På ei anna side vil ikkje reinen snaubeite slik som sau, som kan halde seg i same område over lang tid. Utnyttingsgraden av beitet vil derfor vera ulik. Ei berekning av kor mange saueeiningar ein rein tilsvarar i utnytting av utmarksbeitet blir såleis eit vanskeleg reknestykke. Her er det valt å ta utgangspunkt i förbehovet til ein vaksen rein med kalv på sommarbeite. Dette kan settast til 3,0 föreiningar per dag. 1 vaksen rein med kalv blir da lik 3 saueeiningar.

Samla beitetrykk frå husdyr i 2011 utgjorde 163 000 saueeiningar (1 storfe = 5 sau, 1 geit = 1,5 sau, 1 hest = 6 sau). Det vil seie at 16% av det som er nyttbart ut frå plantedeckket, eller 20% av det praktisk nyttbare beitet vart nytta av husdyr. Tek vi også med 97.000 vaksen tamrein og reknar at förbehovet til ein vaksen rein saman med kalv er 3 föreiningar, utgjer dette 291.000 saueeiningar. Samla beitetrykk blir av dette 454.000 saueeiningar. Det vil seie at 45% av potensialet i plantedeckket, eller 56% av det praktisk nyttbare beitet, vart utnytta. Dyretalet på utmarksbeite kan ut frå dette aukast med 357.000 saueeiningar eller 79% i høve til dagens tal.

Usikre tal

Det må understrekast at utrekning av dyretal for å finne beitekapasitet i utmark alltid vil vera vurderinger med stor usikkerheit. Tala for beitekapasitet er truleg lågt sett, særleg for areal under skoggrensa. Dei frodige engbjørkeskogane vil ved høgt beitetrykk få større grasrikdom og auke i beiteverdi. Dette er ikkje rekna med her. Ved lågt beitetrykk gror dei beste beita i låglandet til med bregner og høge urtar, og beitet blir dårlegare.

Med beitekapasitet er her meint det dyretalet som gjev optimal produksjon av kjøt, samtidig som beitegrunnlaget ikkje blir forringa på lang sikt. Andre målsettingar med forvaltning av utmarksareal kan gje andre resultat. Ved høgare beitebelegg enn det som er sett her, vil dyra ikkje mangle mat, men ete meir av planter med lågare förverdi, som t.d. lyngartar. Dette vil gje dårlegare tilvekst.

Den viktigaste budskapet med denne undersøkinga er at Troms har rikeleg med utmarksressursar av høg kvalitet for sommarbeite, både for husdyr og rein. Beitet er samla sett av det beste ein finn i Noreg, og föruttaket frå utmarka kan om lag doblast.

Per K. Bjørklund og Yngve Rekdal